



# Sykling i tunnel

Region vest

STATENS VEGVESENS RAPPORTAR

Nr. 257



**Tittel**

Sykling i tunnel

**Undertittel**

Region vest

**Forfattar**

Anja Wannag, Marit Moss-Iversen, Grethe Oen-Sivertsen og Runa Aaland Eggum

**Avdeling**

Veg- og transportavdelinga

**Seksjon****Prosjektnummer****Rapportnummer**

Nr. 257

**Prosjektleder**

Grethe Vikane

**Godkjent av**

Hanne Hermanrud

**Emneord**

Trafikksikkerheit, tunnel, framkomst og sykling

**Samandrag**

Notatet har fokus på tunnelar, og har som mål å gje støtte til avgjerd for å løyse framkomst- og tryggleiksutfordringane for syklande på vegstrekningar med tunnel.

**Title**

Cycling in tunnel

**Subtitle**

Western Region

**Author**

Anja Wannag, Marit Moss-Iversen, Grethe Oen-Sivertsen og Runa Aaland Eggum

**Department**

Roads and Transport Department

**Section****Project number****Report number**

No. 257

**Project manager**

Grethe Vikane

**Approved by**

Hanne Hermanrud

**Key words**

Road safety, tunnel, locomotion and cycling

**Summary**

This report focuses on tunnels, and aims to give support to decisions that solve locomotion and safety challenges for cyclist on roads with tunnels.

## Innhald

<b>1. INNLEIING</b> .....	<b>3</b>
<b>2. STATUS I REGION VEST</b> .....	<b>4</b>
2.1 FRAMKOMST FOR SYKLANDE LANGS RIKSVEGRUTENE.....	4
2.2 NASJONALE SYKKELRUTER.....	6
2.3 TUNNELAR MED SYKKELFORBOD.....	7
<b>3. TILTAK FOR Å SIKRA FRAMKOMST OG TRYGGLEIK FOR SYKLISTAR</b> .....	<b>9</b>
3.1. NYE TUNNELAR.....	10
3.1.1 Tilrettelegging for sykkel i rømmingstunnelar.....	10
3.1.2 Gang- og sykkelstunnelar i byområde.....	10
3.1.1 Tilrettelegging for sykkel i rømmingstunnelar.....	12
3.1.2 Gang- og sykkelstunnelar i byområde.....	12
3.1.3 Utforming av sykkelanlegg i tunnel.....	12
3.2 EKSISTERANDE TUNNELAR.....	16
3.3 RISIKOREDUSERANDE TILTAK.....	18
<b>4. RISIKOVURDERING -SYKLING I EKSISTERANDE TUNNEL</b> .....	<b>19</b>
<b>5. SKILTING</b> .....	<b>20</b>
<b>6. REFERANSE TIL STYRANDE OG RETNINGSGIVANDE DOKUMENT</b> .....	<b>22</b>

## Forord

Region vest har ein topografi som skapar eit stort behov for tunnelar og i dag er 124 km av riksvegnettet i Region vest ikkje framkomeleg for syklande. Dette notatet har fokus på tunnelar, og har som mål å gje støtte til avgjerd for å løyse framkomst- og tryggleiksutfordringane for syklande på vegstrekingar med tunnel, også der tilbodet ikkje går gjennom den fysiske tunnelen. Gåande er omtalt der det høver.

Statens vegvesen sine handbøker er dei styrande kravdokumenta som ligg til grunn for vår verksemd. Dette fagnotatet har som føremål å støtte under handbøkene ved å samle fagstoff rundt temaet og gje regionen eit verkty til å gjere gode avgjerdar for korleis regionen skal handtere sykling i tunnel langs riks- og fylkesveg. Som ein del av dette fagnotatet er det utarbeida to dokument for å kartlegging av risiko, «Rammeverk for risikometodikk» og «Sjekkliste for vurdering av sykling i tunnel». Desse ligg som vedlegg og er arbeidsgruppa si anbefaling for korleis ei risikovurdering skal gjennomførast og ei medfølgande sjekkliste.

Notatet er utarbeidd i etterkant av at problemstillinga var røyst frå Vegavdeling Sogn og Fjordane gjennom notatet «Sykling gjennom eksisterande tunnelar», [sveisref 2012/030061](#). Arbeidsgruppa har vore samansett av tilsette ved Veg- og transportavdelinga:




Marit Moss-Iversen,  
risikoanalyser  
av trafikksikkerheit



Anja Wannag,  
regional sykkelkoordinator



Grethe Oen-Sivertsen,  
regional  
sikkerheitskontrollør  
for tunnelar



Runa Aaland Eggum,  
koordinerande oppgåver

## 1. Innleiing

Region vest er ein tunnelregion med 538 tunnelar. Halvparten av tunnelane på Europa-, riks- og fylkesvegnettet ligg i Region vest. Kyst- og fjordlandskapet avgjer i stor grad kvar vegane går. Det er ikkje tilfeldig at dei lengste tunnelane er bygt nettopp i Region vest. Det er heller ikkje uventa at utanfor by- og tettstadsområda er hovudvegen ofte einaste alternativ til å kome seg fram mellom fjord og fjell.

Topografiske tilhøve gjer at mange stader er det berre eitt reelt vegalternativ for å kome seg fram. Dette gjeld om lag 60 prosent av riksvegstrekningane. Delar av desse strekningane er uframkomelege for syklande, grunna tunnelar med sykkelforbod. Alternativ veg kan innebere omveg på fleire titals mil. Manglande sykkeltilrettelegging på desse strekningane, saman med høg ÅDT og fart, gjer at langt frå alle riksvegar er eigna for sykling. Det er grunn til å tru at problemstillinga også gjeld for fylkesvegnettet. Framkomst for syklande langs eksisterande riks- og fylkesveg må difor sjåast i samanheng med kvarandre og med anna vegnett.

Føringane for etablering av nye veganlegg og det transportpolitiske målet om betre framkomst for syklande, inneber at framkomst for syklande må løysast i alle nye vegprosjekt, og handterast langs eksisterande veg.

Dei siste ti-åra har det i Region vest vore planlagt og bygt fleire tunnelar som erstattar ferjer. Det er ikkje lagt til rette for syklande i desse tunnelane. Det er heller ikkje sett i verk avbøtande tiltak med alternativ transport. Dermed har syklande, i motsetnad til andre trafikantar, fått eit vesentleg dårlegare transporttilbod på desse strekningane. Redusert framkomst råkar både tur- og fritidssyklande så vel som transportsyklande på veg til jobb. Dette er ei utfordring som vi må møte og det er krav om at det skal fastsetjast korleis ein skal løyse gang- og sykkeltrafikken i tidleg planfase.

Statens vegvesen skal vere pådrivar for å realisera dei nasjonale sykkelrutene i samarbeid med relevante myndigheiter og andre aktørar. Dette går fram av Nasjonal sykkelstrategi 2014-2023. Det er krevjande å sikre framkomst for syklande langs nasjonale sykkelruter i det Vestnorske fjordlandskapet. For å lukkast må vi både arbeide for å skilte desse rutene og sikre at dei nye vegprosjekta våre gjev eit tilbod til dei syklande. Nye vegprosjekt må også gje gode samband til regionale og lokale sykkelruter.

I tillegg å vere ein tunnelregion, kan Region vest kallast ein storbyregion. To av landets fire storbyar ligg i vest, saman med eit tjuetals småbyar og større tettstader. Byane veks og prognosane seier at folketalet og transporten vil auke kraftig i åra som kjem.

Det nasjonale målet om 8 prosent sykkeldel føreset 10 – 20 prosent sykkeldel i byane<sup>1</sup>. Dette saman med nullvekstmålet som seier at transportveksten i byområda skal løysast med sykling, gåing og kollektivtransport, gjer at det er stort behov for sykkelinfrastruktur i sentrale strok der det er størst sykkelpotensial. Ein nøkkel til å auke sykkeldelen i by- og tettstadsområda er å etablera samanhengande hovudnett for sykkel, med høg kvalitet som gjev rask og god framkomst for syklande.

## 2. Status i Region vest

Sykkeltilbodet langs riksvegrutene vart kartlagt i 2014 (tabell 1 og kart 1). Kartlegginga viser at framkomsten for syklande er variabel. Halvparten av riksvegane i byar og tettstader er bygt med gang- og sykkelveg. Utanfor tettbygde strok er det gang- og sykkelveg langs ein tidel av riksvegane. Med andre ord ligg ein tredel av dei statlege gang- og sykkelvegane i byar og tettstader. Delar av riksvegvegnettet har forbod mot syklande, utan at det finst alternativ veg. I hovudsak er desse strekningane knytt til tunnelar med sykkelforbod. Nasjonale sykkelruter er føreslege langs delar av riksvegrutene i regionen. For å få etablert nasjonale sykkelruter må ein løysa problemstillingane knytt til framkomst.


### 2.1 Framkomst for syklande langs riksvegrutene

Det er om lag 1950 km riksveg i Region vest og om lag 16 prosent er tilrettelagt med gang- og sykkelveg, medan 77 prosent ikkje er det. På om lag 500 km, av vegane som ikkje er tilrettelagt for sykling, er det mogleg å sykle langs alternativ kommunal- eller fylkeskommunal veg. Dei siste 6 prosentane av riksvegnettet er tunnelar med sykkelforbod utan omkøyringsalternativ.

I Region vest er det sju riksvegruter. Kakediagrammet (figur 1) under syner status for framkomst for syklande langs riksvegrutene i regionen, og ein kan sjå at sykling i blanda trafikk utgjer den største delen med 52 prosent. Utanfor tettbygde strok, der det ikkje er tilrettelagt for syklande eller finnast alternativ veg, er framkomst og trafikktryggleik for syklande ei generell problemstilling langs riksvegrutene. Status for fylkesvegnettet er ikkje kartlagt på same måte, men det grunn til å tru at situasjonen er tilsvarende.

---

<sup>1</sup> Nasjonal transportplan 2014-2023



Figur 1 Sykkeltilbod langs riksvegrutene i Region vest. Samla oversikt pr. 2014. Kjelde: Kartlegging til rutevise utgreingar i NTP 2018-2027. Prosenttal avrunda til næraste heile tal.

I tabellen under er status for sykkeltilbodet langs dei sju riksvegrutene i Region vest. Fire av rutene har kortare eller lengre strekningar som i praksis er stengd for syklande:

Rute	Tilrettelagt for syklande		Ikkje tilrettelagt for syklande						Lengd på ruta i Region vest
	Gang- og sykkelveg*		Sykle i blanda trafikk på riksveg** (EV, RV)		Sykle på alternativ parallell veg (FV, KV, PV)		Forbod mot syklande		
	km	% av ruta	km	% av ruta	km	% av ruta	km	% av ruta	Sum km
<b>3</b>	64	39%	53	33%	46	28%	0	0%	163 km
<b>4a</b>	105	23%	221	45%	123	25%	34	7%	483 km
<b>4c</b>	39	19%	235	68%	27	13%	0	0%	304 km
<b>5a</b>	48	13%	244	64%	76	20%	7	2%	375 km
<b>5b</b>	17	20%	64	74%	4	5%	2	2%	87 km
<b>5c</b>	33	8%	115	29%	162	42%	81	21%	391 km
<b>6c</b>	11	8%	81	57%	51	36%	0	0%	143 km
<b>Totalt</b>	317	16%	1016	52%	489	25%	124	6%	1946 km

\*Omfattar 2 km sykkelveg med fortau

\*\* Omfattar 15 km riksveg med fortau

Tabell 1 Sykkeltilbod langs riksvegruter i region vest. Samla oversikt pr. 2014. Kjelde: Kartlegging til rutevise utgreingar i NTP 2018-2027. Prosenttal avrunda til næraste heile tal.

Sju prosent av rute 4a er skilta med forbod mot sykling, utan at det finst alternativ veg. Det er 6 stader der ruta er stengd for syklande. Alle desse er i samband med tunnelar. Framkomst for syklande er ei utfordring på denne ruta. Dette gjeld for både eksisterande veg og framtidig ferjefri E39. Utan avbøtande tiltak for syklistar vil Rogfast medføra eit nytt og endå lengre brot på ruta enn dagens situasjon.

På rute 5a er 2 prosent av strekninga forbode for syklande.

På rute 5b er det sykkelforbod i Måbødalstunnelen på RV7. Dette utgjer 2 prosent av ruta, men ettersom det ikkje finst alternativ veg sidan gamlevegen er stengd av ras, er det ikkje framkomst for syklande mellom aust- og vestlandet på denne ruta.

Rute 5c er den ruta som er minst framkomeleg for syklande. Tjueein prosent av ruta, 10 strekningar, er skilta forbod mot syklande, utan at det finnast alternativ veg. Nasjonal sykkelrute 4 som er føreslege mellom Voss og Bergen er òg råka av problemstillinga.

Ny E16 Bergen – Voss er eit døme på eit stort tunnelprosjekt som kan snu heilt om på framkomsten til syklande på strekninga, og opne ei ny nasjonal sykkelrute. Dette føreset at ein i den overordna planen avklarar korleis gang- og sykkeltrafikken skal avviklast.

## 2.2 Nasjonale sykkelruter

Staten skal vere pådrivar for etablering av nasjonale sykkelruter (jf Nasjonal sykkelstrategi 2014-2017). NA-rundskriv 01/07 gjev retningsliner for skilting og trafikktryggleik ved etablering av nasjonale sykkelruter. Retningslinene omhandlar ikkje tunnelar spesielt, men retningslinene legg føringar som inneber at det ikkje er aktuelt å legge sykkelrutene langs dei mest trafikkerte riksvegane. Fylkesvegane har gjerne lågare trafikk og er såleis aktuelle som trasear for nasjonale sykkelruter gjennom fjordlandskapet, der det gjerne ikkje finst så mange alternative vegar. Stoda i tunnelane på fylkesvegnettet vil påverke i kva grad ein fylkesveg kan nyttast som nasjonal sykkelrute, og av syklande generelt.

Prinsippkartet for nasjonale sykkelruter (sjå referanselista) føreslår nasjonale sykkelruter gjennom heile regionen. Kartet gjev eit grovt anslag på korridornivå. I avsnitta under viser vi døme på problemstillingar knytt til nasjonale sykkelruter i Region vest.

Etablering av ferjefrie samband har ført til kraftig omlegging av nasjonal sykkelrute 1, frå ytre kystområde (Randaberg-Karmøy-Haugesund) til indre delar av Boknafjorden (Stavanger-Tysvær-Haugesund). Ferjesambandet Oanes - Lauvvika gjev i dag god framkomst for syklistar på rute 5a, men kan verte lagt ned når Ryfast opnar. Dette sambandet er viktigast for tur- og rekreasjonssykling, på m.a. nasjonal sykkelrute 2, som går langs RV 13 mellom Sandnes og Lysefjorden.




Nasjonal sykkelrute 3 er føreslege over Haukeli, medan nasjonal sykkelrute 4 er føreslege mellom Bergen og Voss. I dag tilfredsstillar ikkje E16 krava til nasjonal sykkelrute. Både over Haukeli og Bergen - Voss er det planar om lange tunnelar i framtida. På sikt kan dette gjere dagens riksveg aktuell som nasjonal sykkelrute. På slike strekningar er det viktig å sikre offentleg eigarskap til vegen.

### **2.3 Tunnelar med sykkelforbod**

I Region vest er det fleire strekningar langs riksveg som er uframkommelege for syklande, som ein kan sjå av kartet på neste side (kart 1). Dette er i hovudsak tunnelstrekningar som har gang- sykkelforbod, der alternativ rute (omkøyringsveg eller ferje) manglar.

Riksvegutene har i hovudsak både høg ÅDT og fart og ei utforming som gjer desse vegane mindre attraktive for syklande. Samstundes er gjerne riksvegen einaste alternativ mange plassar i distrikta. Dette er utfordrande på strekningar som er skuleveg og der det er sykkelavstand mellom viktige målpunkt i og nær bygder og tettstader. Tunnelane på desse strekningane kan truleg verke avvisande på syklande jamvel om tunnelane ikkje er skilta med forbod. Vinterstengd og rasutsett alternativ rute rundt tunnelar er også ei problemstilling som må handterast. Dette skal ein ta stilling til tidleg planstadium og dersom sykling skal tillatast skal sikkerheita vurderast.

Dei seinaste åra har det blitt etablert og planlagt fleire lange undersjøiske tunnelar. Dette har ført til at ferjesamband har blitt lagt ned, med svært uheldige konsekvensar for framkomsten til dei syklande. Eit døme på dette er T-sambandet på Haugalandet. Opninga av Ryfastsambandet er eit anna døme, som vil få negative konsekvensar for sykkelpendling mellom Strand og Stavanger, med mindre ein set inn avbøtande tiltak som sikrar eit godt skysstilbod for syklande (folk og sykklar) gjennom tunnelen.



Kart 1 Sykkeltilbod langs riksveggrutene i Region vest. Samla oversikt pr. 2014. Kjelde: Kartlegging til rutevise utgreinger i NTP 2018-2027

### 3. Tiltak for å sikra framkomst og tryggleik for syklistar

Tunnelar kan, slik kapittel 1 omtalar, hindra framkomst for syklande. Det transportpolitiske målet i Nasjonal transportplan om å betre framkomsten for syklande må sjåast saman med det tilhøyrande målet for trafikksikkerheit. Dette inneber at omsynet til trafikktryggleik vil påverke kva for løysingar vi kan gje dei syklande langs vegen.

Det er viktig å sikre at Region vest i komande planlegging, bygging og driftsfase av tunnellar faktisk løyser utfordringane knytt til framkomst for syklande. Normalkrava og prosedyrar for fråvik skal følgjast. Også der tilbodet ikkje går gjennom den fysiske tunnelen skal dei syklande ha eit godt tilbod, jamfør retningslina i figur 2 under. Klåre mål som omfattar sykling og gåing saman med ei god prosjektbestilling vil vere avgjerande for å lukkast med planlegging og gjennomføring av eit godt sykkeltilbod. Erfaringsoverføring frå prosjekt som får dette til kan hjelpe med å finne konkrete løysingar.

Vi skal også ta omsyn til dette ved omklassifisering av veg. Ved nyetablering av tunnel, der gamal veg skal omklassifiserast eller leggjast ned, skal vi vera bevisste på kva funksjon den gamle vegen kan ha. Om vegen blir nedlagt som offentleg og private tek over veggrunn, stillast det ingen krav til standard og som hovudregel skal vegkonstruksjonen fjernast. I motsett fall, ved at Staten beheld veggrunn, vil ein kunne tilpassa området for dei føremål ein ser behov for (NA rundskriv 1997/13). Det er difor viktig at ein i dei sakene der veg skal omklassifiserast eller leggjast ned er bevisste på behovet for trygg framkomst for syklande og det pådrivaransvaret vi har for t.d. etablering av Nasjonale sykkelruter.

Framkomst for syklande og gåande må også handterast langs eksisterande veg, der sykkeltilbodet kan variera gjennom året, til dømes der den alternative vegen er vinterstengd.

*«Sykkelvegen kan legges langs annen trase enn langs riksvegen hvis det gir best løsning. Staten har ansvar for etablering og vedlikehold av et tilbud til syklende på riksvegstrekningslinjer som er forbudt for syklende (særlig motorveger og tunneler) dersom dette ikke naturlig kan legges til/langs en fylkesveg eller kommunal veg. Statens del av hovednett for sykkel bør ha omtrent samme omfang som riksvegnettet i byen/tettstedet.»*

Figur 2 Utdrag frå retningslina «Statens ansvar for sammenhengende hovednett for sykkeltrafikk i byer og tettsteder. 2003». Dette er óg teke inn i V122 Sykkelhandboka.

I dette kapittelet presenterer vi gjeldande krav til planlegging av nye tunnellar, krav og råd for eksisterande tunnellar samt ulike tiltak som kan betra framkomsten for syklande i tunnellar

### 3.1. Nye tunnelar

Framkomst for alle trafikantgrupper er forankra i Veglova, og det er eit av dei transportpolitiske måla i Nasjonal transportplan. Kvalitetssystemet, som er ein del av etaten sitt styringssystem, konkretiserer desse omsyna i arbeidsprosessar. Figur 3 under illustrerer nokre krav og det ansvaret vi har for å ta omsyn og ivareta trafikantgruppa «syklende», i arbeidet med å planlegge nye vegar og tunnelar.

#### 3.1.1 Tilrettelegging for sykkel i rømmingstunnelar

Etablering av lange tunnelar, som t.d. avløyser ferjestrekningar, kan utløyse krav om rømmingstunnelar. I slike tilfelle er det relevant å greie ut om desse kan kombinerast med eit sykkel- og gangtilbod, som erstatning for ferjesambandet og for å oppretthalde eventuelle sykkelruter for rekreasjon og turisme, som t.d. Nasjonale sykkelruter. I Region vest arbeidast det med denne problemstillinga i samband med ferjefri E39.

#### 3.1.2 Gang- og sykkel tunnelar i byområde

Tunnelar kan vere gode snarvegar for syklende. Spesielt der det er store høgdedrag mellom viktige målpunkt kan eigne tunnelar for sykkel og gåande, evt. kombinert med anna trafikk (med låg ÅDT/fart) vere attraktive snarvegar. I byområde kan slike tunnelar redusera naturlege barrierar vesentleg, og dermed vere viktige tiltak for å auke sykkeltrafikken og nå nullvekstmålet. Særmerke ved vellykka sykkel tunnelar er nærare omtalt i rapporten «Sykkeltunneler og –bruer. Rapport fra studietur til Lyon og San Sebastian» (2015).

Lengre, høgtrafikkerte gang- og sykkel tunnelar er nytt i Norge. I Region vest arbeidast det med fleire slike planar. Vegnormalane er ikkje fullt tilpassa planlegging av denne typen gang-sykkeltunnelar enno. Det er fleire tilhøve som må avklarast i samband med etablering av slike tunnelar her i landet, mellom anna knytt til geometrisk utforming, tryggleik, estetisk utforming, ventilasjon, tunnelmiljø og trafikkmengder. Dette er nærare omtalt i rapporten frå Lyon og San Sebastian nemnt over. Inntil handbøkene vert meir konkrete, må planlegginga gjerast i dialog med Vegdirektoratet.



### ***3.1.1 Tilrettelegging for sykkel i rømmingstunnelar***

Etablering av lange tunnelar, som t.d. avløyser ferjestrekningar, kan utløyse krav om rømmingstunnelar. I slike tilfelle er det relevant å greie ut om desse kan kombinerast med eit sykkel- og gangtilbod, som erstatning for ferjesambandet og for å oppretthalde eventuelle sykkelruter for rekreasjon og turisme, som t.d. Nasjonale sykkelruter. I Region vest arbeidast det med denne problemstillinga i samband med ferjefri E39.

### ***3.1.2 Gang- og sykkeltunnelar i byområde***

Tunnelar kan vere gode snarveggar for syklande. Spesielt der det er store høgdedrag mellom viktige målpunkt kan eigne tunnelar for sykkel og gåande, evt. kombinert med anna trafikk (med låg ÅDT/fart) vere attraktive snarveggar. I byområde kan slike tunnelar redusera naturlege barrierar vesentleg, og dermed vere viktige tiltak for å auke sykkeltrafikken og nå nullvekstmålet. Særmerke ved vellykka sykkeltunnelar er nærare omtalt i rapporten «Sykkeltunnelar og –bruer. Rapport fra studietur til Lyon og San Sebastian» (2015).

Lengre, høgtrafikkerte gang- og sykkeltunnelar er nytt i Norge. I Region vest arbeidast det med fleire slike planar. Vegnormalane er ikkje fullt tilpassa planlegging av denne typen gang-sykkeltunnelar enno. Det er fleire tilhøve som må avklarast i samband med etablering av slike tunnelar her i landet, mellom anna knytt til geometrisk utforming, tryggleik, estetisk utforming, ventilasjon, tunnelmiljø og trafikkmengder. Dette er nærare omtalt i rapporten frå Lyon og San Sebastian nemnt over. Inntil handbøkene vert meir konkrete, må planlegginga gjerast i dialog med Vegdirektoratet.


### ***3.1.3 Utforming av sykkelanlegg i tunnel***

Tilbodet om gang- og sykkeltrafikk skal avklarast i overordna plan, og N100 Veg og gateplanlegging stiller krav til utforminga etter kva vegklasse som skal byggast. I tabell 2 er dei ulike vegklassande som har krav knytt til løysingar for gåande og syklande presentert. Fråvik frå dette skal handsamast hjå den regionale fråviksgruppa. Ved skal-krav går søknad vidare til Vegdirektoratet(rv)/Fylkeskommune(fv) som endeleg fråviksmynde. Ved bør-krav har regionen si fråviksgruppe mynde til å avgjere fråvik på riksveg og region/fylkeskommune (iht leveranseavtalen) på fylkesveg.

Vegklasse	Utforming, type anlegg	Type fråvik
<b>H1, H2, H3</b>	<p>Dersom lokalt vegnett ikkje gir god og sikker framkomst for gåande og syklande, kan det vera eit behov for langsgåande gang- og sykkelveg.</p> <p>Langsgåande Gang-/sykkelveg bør etablerast dersom:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• ÅDT over 1000(H1 og H2) og</li> </ul> <p>Potensialet for gåande og syklande overstig 50 i døgnet eller strekninga er definert som skuleveg</p>	Bør
<b>H4, H5, H3</b>	<p>Gåande og syklande skal ha eit tilbod. Dette bør løysast via lokalt vegnett. Heilskapleg/samanhengande tilbod til gåande og syklande skal framgå av overordna plan.</p>	Skal
<b>H7, H8, H9</b>	<p>Det skal ikkje vera gang- og sykkelveg langs vegen. Gåande og syklande skal ha eit tilbod. Dette løysast via lokalt vegnett. Heilskapleg/samanhengande tilbod til gåande og syklande skal framgå av overordna plan.</p>	Skal
<b>Hø1</b>	<p>Langsgåande Gang-/sykkelveg bør etablerast dersom:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• ÅDT over 1000(H1 og H2) og</li> <li>• Potensialet for gåande og syklande overstig 50 i døgnet, eller strekninga er definert som skuleveg</li> </ul>	Bør
<b>Hø2</b>	<p>Det bør byggast gang- og sykkelveg når potensialet for gåande og syklande overstig 50 i døgnet, eller strekninga er definert som skuleveg</p>	Bør
<b>Sa3</b>	<p>Det bør byggast gang- og sykkelveg når:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• ÅDT over 1000 og</li> <li>• potensialet for gåande og syklande overstig 50 i døgnet, eller strekninga er definert som skuleveg</li> </ul>	Bør
<b>U-H2</b>	<p>Dersom lokalt vegnett ikkje gir god og sikker framkomst for gåande og syklande, kan det vera eit behov for langsgåande gang- og sykkelveg.</p> <p>Langsgåande Gang-/sykkelveg bør etablerast dersom:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• ÅDT over 1000(H1 og H2) og</li> </ul> <p>Potensialet for gåande og syklande overstig 50 i døgnet eller strekninga er definert som skuleveg</p>	Bør
<b>U-H4</b>	<p>Gåande og syklande skal ha eit tilbod. Dette bør løysast via lokalt vegnett. Heilskapleg/samanhengande tilbod til gåande og syklande skal framgå av overordna plan.</p>	Skal
<b>U-H5</b>	<p>Gåande og syklande skal ha eit tilbod. Dette bør løysast via lokalt vegnett.</p>	Skal
<b>Tunnel</b>	<p>Ved gang- og sykkeltrafikk gjennom ein ny tunnel er krav til utforming og teknisk utrustning gjeven i Hb N500 Vegtunneler.</p>	

Tabell 2 Vegklasser N100 Veg- og gateplanlegging med tilhørende krav om tilrettelegging for gåande og syklande


Dersom gang- og sykkelvegen skal føres gjennom ny tunnel skal tunnelen byggast med profil T12,5. Gang- og sykkelvegen skal vera adskilt frå køyrebana med betongrekkverk. Sjå figur 4 frå N500 Vegtunneler.



Figur 4 Gang- og sykkelveg i tofelts tunnel, tunnelklasse B og tunnelprofil T12,5 m. N500 Vegtunneler

Der ein gang- og sykkelveg førast gjennom eigen tunnel, skal tunnelprofil T4 nyttast (figur 5):





Figur 5 Tunnelprofil T4. N500 Vegtunneler

Det stillast også egne krav til ventilasjon og belysning dersom det skal vera gang- og sykkeltrafikk gjennom ein tunnel. I tillegg krevs det også ei spesiell sakshandsaming (figur 6):

Gang- og sykkelveg i tunneler uten rekkverk mot kjørebanelen skal godkjennes av Vegdirektoratet når tunnelen er lengre enn 500 m.

Gang- og sykkeltrafikk i tunneler lengre enn 4 km skal godkjennes av Vegdirektoratet.

Gang- og sykkelveg skilt fra kjørebanelen med rekkverk skal ha fri høyde minimum 3,0 m og bredde minimum 3,0 m mellom rekkverk og tunnelvegg.

Tunneler som har gang- og sykkeltrafikk skal belyses dersom lengden er over ca 25 m.

I tunneler tillatt for gang- og sykkeltrafikk skal midlere luminans ikke være mindre enn 2 cd/m<sup>2</sup> i dagslys og 1 cd/m<sup>2</sup> når det er mørkt ute.

Dimensjonerende luftkvalitetsnivå i tunneler som er tillatt for gående og syklende skal være 25 ppm CO og 2 ppm NO.

I tunneler med lengde over 1,0 km og ÅDT > 1000 kjt/døgn, skal det installeres utstyr for NO<sub>2</sub>-måling hvis tunnelen er åpen for gående og syklende. I kortere tunneler, vurderes behovet for overvåking av gasskonsentrasjonen ut fra trafikkmengde og sannsynlighet for kø i tunnelen.

Figur 6 Krav knytt til til sykkel i N100 Veg- og gateplanlegging

### 3.2 Eksisterande tunnelar

Tilrådingar for sykling i eksisterande tunnelar er gjeve i Håndbok V122 Sykkelhåndboka , medan Håndbok N500 Vegtunneler stiller krav til utforming.

I følge Håndbok N500 skal det ikkje tillatast sykkeltrafikk dersom:

- Fartsgrense er  $\geq 90$  km/t
- Tunnelprofil T10,5 med 1 m forsterka midtoppmerking mellom køyreretningane

For sykling i tunnel tilrår V122 Sykkelhåndboka følgjande:

- Tunneler med tverrprofil T5,5 har oftast relativt lågt fartsnivå og ÅDT. I slike tilfeller kan syklende ferdast saman med øvrig trafikk.
- For tunnelar med profil T8.5 og T9.5 gjeld:

Lengde (m)	ÅDT	Fartsgrense (km/t)	Løsning
< 500	< 8 000	70 eller 80	Blandet trafikk
	< 10 000	$\leq 60$	Blandet trafikk
500 – 2 000	< 4 000	70 eller 80	Blandet trafikk
	< 8 000	$\leq 60$	Blandet trafikk
2 000 – 4 000	< 1 500	70 eller 80	Blandet trafikk
	< 3 000	$\leq 60$	Blandet trafikk


Figur 7 Håndbok V122 Anbefalte løysingar for syklende i tunnel ved tunnelprofil T8,5 og T9,5, Tabell 3.4

- For tunneler med profil T10.5 utan forsterka midtoppmerking gjeld:

Lengde (m)	ÅDT	Fartsgrense (km/t)	Løsning
< 500	< 6 000	$\leq 80$	Sykkelfelt
	< 12 000	$\leq 80$	Gang- og sykkelveg
500 – 2 000	< 1 500	70 eller 80	Sykkelfelt
	< 4 000	$\leq 60$	Sykkelfelt
	< 8 000	$\leq 80$	Gang- og sykkelveg
2 000 – 4 000	< 8 000	$\leq 80$	Gang- og sykkelveg

Figur 8 Håndbok V122 Anbefalte løysingar for syklende i tunnel ved tunnelprofil T10,5 utan forsterka midtoppmerking, Tabell 3.5

Sykkelhandboka V122 syner vidare profildeiknar av løysingar med sykkelfelt eller gang- og sykkelfelt.



Figur 9: V122 profildeikningar av løysingar med sykkelfelt eller gang- og sykkelfelt

I tillegg skal N500 sine krav til ventilasjon og belysning vera tilfredsstillt:

- Tunneler som har gang-/sykkeltrafikk skal belysast dersom lengda er over ca 25 m.
- I tunneler der det er tiltete gang-og sykkeltrafikk skal midlere luminans ikkje vera mindre enn  $2\text{cd/m}^2$  i dagslys og  $1\text{cd/m}^2$  når det er mørkt ute.
- Tabell 4 syner dimensjonerande luftkvalitetsnivå i tunnelar som er tillete for gåande og syklande.

Lengde (km)	CO (ppm)	NO (ppm)
0-4	25	2

Tabell 4 Tabell 10.4 Håndbok N500

I kapittel 4 presenterast dokumentet «Risikovurdering for sykling i tunnel – rammeverk» (vedlegg 1). I høve til sykling i eksisterande tunnelar skal det gjennomførast ei risikovurdering dersom:

- Tungtrafikkandelen er over 25 %
- Tunnelen har lengd over 4000 m

Sjølv om tunnelen tilfredsstillt krava i håndbøkene over, tilrår vi alltid å gjere ei heilskapleg vurdering med vekt på trafikksikkerheit og framkomst for syklande med utgangspunkt i dokumentet «Sjekkliste for vurdering av sykling i tunnel» (vedlegg 2). Sjekklista er utarbeida til dette notatet.

Skulle det vera behov for ytterligere data for å avgjera om det skal tillatast sykling i tunnel eller ikkje, tilrådest det å gjere ei meir detaljert risikovurdering (sjå kapittel 4).

### 3.3 Risikoreduserande tiltak

Det er ein rekke tiltak som kan gjennomførast for å gi syklande betre framkomst og trafikksikkerheit i tunnelar. Etablering av risikoreduserande tiltak må som minimum baserast på resultat frå ei heilskapeleg sjekklistevurdering som omtalt i kapittel 3.2. (sjå også vedlegg 2). Tiltak kan også etablerast på bakgrunn av ei risikovurdering (sjå kapittel 4). Det må

vurderast kva tiltak som til saman gjev tilfredsstillande trafikksikkerheit for syklande i den konkrete tunnelen. Døme på tiltak er lista opp i stikkordsform nedanom. Vedlegg 1 med «Risikovurdering for sykling i tunnel - rammeverk» omtalar risikohandtering og dei risikoreduserande tiltaka meir utfyllande.

Døme på kortsiktige tiltak:

- Sykkelknapp/syklistvarsling
- Retningsvisning
- Fartsreduksjon
- Utvida kosting og vasking av heile tunnelen – også bankett
- Boksar med refleks ved tunnelinngangane
- Informasjon om adferd i tunnelen
- Markering av naudstasjonane
- Sesongmerking av tunnelen
- Skilting av forbod, skilting av alternativ rute

Døme på langsiktige tiltak:

- Fjerne klossane(tunnelreflektor) i tunnelen
- Lys
- Vifter som knytast opp mot sykkelknapp
- Fleire målepunkt på CO og NO
- Reasfaltering
- Etablere og skilte alternativ rute

#### **4. Risikovurdering -sykling i eksisterande tunnel**

Til dette notatet er det utarbeidd eit rammeverk og metodikk for gjennomføring av risikovurdering av sykling i tunnel. Denne metoden kan nyttast for å kartlegge risikoen knytt til syklande i eksisterande tunnelar samt identifisere sannsyn - og konsekvensreduserande tiltak.

Intensjonen bak rammeverket er å gje føringar for korleis risikovurderinga bør gjennomførast. Prosessen er basert på NS-ISO 31000 Risikostyring - Prinsipper og retningslinjer og NS 5814 Krav til risikovurderingar. Standarden er i samsvar med gjeldande føringar for risikostyring i Statens vegvesen (ref. [kvalitetssystemet](#))

Rammeverket byggjer på føringane som er gjevne i handbok «N500 Vegtunneler», handbok «V721 Risikovurderingar i trafikken» samt erfaringar frå Region nord, sør og vest. Lista over risikoelement som vert presentert i rammeverket er ikkje uttømmende.

Rammeverket ligg ved i «vedlegg 1».

## 5. Skilting

Strekningar skilta med forbod for syklande skal óg vere skilta med omkøyning for syklande. Dette går fram av handbok N300 sin del 3 (figur 9). Dersom omkøyning ikkje er mogleg er det viktig å informera om anna alternativ framkomstmåte for syklande. Skilt skal settast opp der det er aktuelt å gjere anna veg- eller reisemiddelval, slik at syklande ikkje uforvarande hamner der det er forbod for syklande.

«Skilt 306.6 (Forbudt for syklende) brukes når det av trafikksikkerhetsmessige grunner er nødvendig å forby sykkeltrafikk på en vegstrekning. Dette vil typisk være større hovedveger med stor trafikk og høyt fartsnivå. Ved innføring av slikt forbud skal det sikres at syklende har tilfredsstillende alternativ rute på strekningen, og ruten skal skiltes dersom det ikke er åpenbart hvor den går, se skiltene 751-757 i Del 4. (...). Der både gang- og sykkeltrafikk skal forbys, brukes skilt 306.8 "Forbudt for gående og syklende".

Underskilt

Forbudet kan forvarsles med skilt 306.6 og underskilt 802 "Avstand" dersom dette er nødvendig for å hindre feilkjøring.»

Figur 10: Utdrag frå N300 del 3, kap. 3-1.5 Bestemmelser for de enkelte forbudsskilt

Alternativ rute kan vera ein veg med blanda trafikk, men det kan òg vere ein gang- og sykkelveg. Dersom den alternative ruta ikkje er open for motorisert trafikk, vil dette innebere eit systemskifte for syklisten. Sykkelhandboka understreker at markering og skilting av systemskifte er viktig for alle trafikantar, ikkje berre dei syklande (figur10):

«Det er viktig å markere systemskifter tydelig slik at både syklister, bilister og andre trafikanter oppfatter overgangene. Systemskifter bør skiltes (...). I tillegg til økt oppmerksomhet kan slik utforming medføre at farten til øvrig trafikk reduseres».

Figur 11: Frå V122 Sykkelhandboka kap 3.6

Behov for skilting må vurderast i samband med risikovurderingar for sykling i tunnel. Behov for skilt kan vere knytt til følgande skilt jf. Skiltoversikten ,vedlegg, i V300 :

- Forbod for syklende evt. i kombinasjon med gåande (nr. 306.6, 306.8)
- Skilting av alternativ veg:
  - Vegvisningsskilt for sykkel (751-757).
  - Dersom det ikkje er mogleg å tilby gjennomgåande sykkeltilbod på ein lengre vegstrekning, er det viktig å informera om dette ved alle større kryss der syklende kan svinge inn på denne vegruta. Dette kan gjerast med skilt 560 «Opplysningstavle» (jf. dømet figur 11), om naudsynt i kombinasjon med skilt 306.6/306.8 og underskilt 802 «Avstand».



Figur 12: Døme på varsling av veg stengd for sykkel

- Fareskilt (nr 144 evt. 156 med høveleg underskilt) t.d. dersom syklistar må krysse vegen for å kome inn på alternativ veg (som ikkje er open for motorisert trafikk) rundt tunnelen.

I tillegg kan det vere trong for løysingar som tek høgde for sesongvariasjonar: I område med vinterstengd alternativ veg, må skiltinga ta høgde for dette.

## 6. Referanse til styrande og retningsgivande dokument

Dokument	Beskriving	Referanse
<a href="#">Forskrift om anlegg av offentlig veg</a>	Krav til avklaring av korleis sykkeltrafikken skal avviklast i samband med planlegging og bygging av offentleg veg.	§ 3.7
<a href="#">N500 Vegtunnelar</a>	Krav til nye tunnelar	Kap 4.5.5, 10.3.1, 10.3.3,
<a href="#">N100 Veg og gateutforming</a>	Krav til planlegging av tilbod til syklende (og gåande).	A, E
<a href="#">Trafikkskilt N300 del 3</a>	«Bestemmelser for de enkelte forbudsskilt»	Kap. 3-1.5
<a href="#">V122 Sykkelhåndboka</a>	Rettleiar for planlegging av sykkelanlegg, omhandlar òg sykling i eksisterande tunnelar	Kap 2.1.5, 3.5.8, vedlegg 2
<a href="#">NA-rundskriv 01/07 Vegvisningsskilt for sykkelruter</a>	Vegvisningsskilt for sykkelruter – normalbestemmelser, trafikksikkerhet, nummerering/navnsetting, nasjonale sykkelruter m.m.	
<a href="#">Sykkeltunnelar og –bruer: Rapport fra studietur til Lyon og San Sebastian. Vegdirektoratet og Region vest 2015</a>	Oppsummerer kjenneteikn ved gode sykkeltunnelar og tema som må avklarast i høve til norske handbøker.	Kap 5 og 6
